Statsforvaltaren i Vestland

Stad:
Leikanger

Vår ref.(oppgi ved svar):
2019/886

Dato:
25.11.2021

Dykkar ref.:
Ove Aarra

Norsk Gjenvinning Metall AS
Postboks 224 Indre Arna
5888 Bergen

Sakshandsamar:
Åsmund Skancke Karlsnes

Rapport frå ved Norsk Gjenvinning Metall AS avd Arna

Kontrollnummer: 2021.192.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Ove Aarra
Morten Sande
Lars Kristian Aakeberg
Thomas Løvik

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Åsmund Skancke Karlsnes
Astrid Holte

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna den 15.10.2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 4 avvik under inspeksjonen.

Avvik:

- Handtering og registrering av EE-avfall er ikkje i tråd med miljøregelverket
- Verksemda følgjer ikkje krav i løyve til avfallsmengder, typar og aktivitetar
- Verksemda manglar tiltak for å redusere forureining til vatn
- Handtering og lagring av farleg avfall er ikkje tilfredsstillande

Avvik er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent
Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: NORSK GJENVINNING METALL AS AVD ARNA	
Organisasjonsnr.: 976420632	**Eigd av:** 983413161
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320 - Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning	

Kontrollert einingar

Namn: Norsk Gjenvinning Metall AS avd Arna Mottak kasserte kjøretøy Norsk Gjenvinning Metall avd Arna	**Anleggsnr.:** 4601.0528.01 4601.0528.02
Kommune: Bergen	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Gjenvinning av metall- og EE-avfall Kasserte Kjøretøy	
Løyve gitt: 5. september 2019	**Sist endra:** 10. juni 2021

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år og er del av ein landsdekkande aksjon for kontroll av anlegg som handterer EE-avfall og metallavfall.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Mottakskontroll
- Handtering av avfall med vekt på EE-avfall og farleg avfall
- Internkontroll
- Registrering og rapportering
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til

tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Norsk Gjenvinning Metall avd Arna pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Norsk Gjenvinning Metall avd Arna innan **1. mars 2022** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 3. november 2021. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Norsk Gjenvinning Metall avd Arna betale eit gebyr på kr 27 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Handtering og registrering av EE-avfall er ikkje i tråd med miljøregelverket

Avvik frå:

Løyve

- Pkt 3.3 Informasjon til kundar
- pkt 3.2: Mottakskontroll
- pkt 1 Rammevilkår
- Pkt 3.5 Krav til skjerming for nokre avfallstypar
- Pkt 2.6 Krav til kompetanse

Avfallsforskrifta kap 1:

- §1-22: Plikt til forsvarleg behandling

Internkontrollforskrifta

- § 5 andre ledd punkt 7 om rutinar
- § 5 andre ledd punkt 1 om lovverk og krav
- § 5 andre ledd punkt 2 om kompetanse

Kommentar til regelverket:

Krav til informasjon til kundar

I løyve punkt 3.3 er det sett følgjande krav:

> «Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget. Det skal særleg informerast om at EE-avfall ikkje skal blandast med anna avfall ved merking av konteinarar, krav i kontraktar og avtaler, informasjon på nettsider med vidare.»

Krav til mottakskontroll

I løyve punkt 3.2 er det sett følgjande krav:

> «Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall. Ulovleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik. Mottakskontrollen skal også omfatte eit system og rutinar som hindrar at slikt gjentar seg.»

I avfallsforskrifta § 1-22 er det krav til at EE-avfall skal behandlast forsvarleg og ved bruk av dei beste tilgjengelege teknikkar. Kravet til forsvarleg behandling i mottakskontrollen omfattar:

- Kontrollplikt – verksemda må ha kontroll på avfall dei tek imot
- Klassifisering – verksemda må vite kva slags avfall dei tek imot
- Undersøkingsplikt – verksemda må ha rutinar for å avdekke kva slags avfall dei tek imot

Det er òg sett krav om kva material, blandingar og komponentar som skal fjernast manuelt som eit første trinn ved behandling av EE-avfall.

Behandling av EE-avfall
I løyve punkt 1 går det fram at løyvet berre gjeld mottak og lagring av EE-avfall. Løyvet omfattar ikkje behandling av EE-avfall i form av å fjerne blandingar og komponentar jf. avfallsforskrifta § 1-22 punkt a til p.

Krav til lagring av EE-avfall
I løyve punkt 3.5 er det sett følgjande krav:

> «Handtering, inkludert lagring, av avfall som kan føre til forureina avrenning skal som eit minimum gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind. Verksemda kan velje anna vern eller utføre tiltak for å hindre fare for nemnde forureiningar dersom miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet. Følgjande avfallstypar/-aktivitetar skal som eit minimum lagrast/gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind:
>
> • EE-avfall …»

I avfallsforskrifta § 1-22 er det krav til at EE-avfall skal lagrast og behandlast på plassar med tett dekke, nødvendig anlegg for oppsamling og reinsing av overvatn, og nødvendig tak eller anna klimavern.

I løyve punkt 3.1 er det sett følgjande krav:

> «Bedriften skal føre daglig journal over hva slags avfall, kvalitet og mengder som blir tatt imot og passerer anlegget. Registrering av avfall skal skje på vekt.»

Krav til kompetanse
I løyvet vilkår 2.6 er følgjande krav: «Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast. Verksemda skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne vurdere miljørisiko ved verksemda og gjennomføre betringstiltak for å sikre at verksemda driv i samsvar med løyve og anna regelverk. På anlegget skal ein ha særskild kompetanse på følgjande område: ….

- EE-avfall: Opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering for alle medarbeidarar som skal handtere EE-avfall, og plan for kompetanseutvikling ….»

Krav i interkontrollforskrifta
I § 5, andre ledd pkt 7 er det krav til at verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere skriftlege og skal sikre drift i tråd med vilkår i løyve.

Det er også krav i internkontrollforskrifta til oversikt over regelverk og krav til kompetanse.

Avviket er basert på følgjande observasjonar

Krav til informasjon til kundar
Verksemda har i mottaksbestemmelsane laga ein eigen definisjon av EE-avfall som ikkje samsvarer definisjonen i avfallsforskrifta § 1-3. Verksemda definerte EE-avfall slik i punkt 3.5 i mottaksbestemmelsane: «Dette er ulike produkter som omfattes av forskriften om utrangerte elektriske og elektroniske produkter og hvor verdien av metallinnholdet er lavere

enn kostnadene til demontering og behandling. Som EE-avfall betraktes vanligvis strømmålere, strømtrafoer, oljefylte brytere og lignende.»

Feil definisjon om kva som er rekna som EE-avfall gjer at dette avfallet mellom anna ikkje blir miljøsanert og lagra i tråd med regelverket, og det blir heller ikkje registrert og journalført slik det skal.

Verksemda sine mottaksbestemmelsar opnar for mottak av EE-avfall i kompleksjernet sjølv om EE-avfallet ikkje er fullstendig miljøsanert i ht. avfallsforskrifta § 1-22 punkt a-p. I mottaksbestemmelsene til verksemda er det lista opp komponentar som miljøsanert EE-avfall ikkje skal innehalde viss det blir levert saman med kompleksjern. Det er mellom anna nemnt kretskort større enn 5x5 cm og kondensatorar større enn 6 cm i lengde eller 3 cm i diameter. Dette er ikkje ein tilfredsstillande miljøsanering og gjenstandane kan ikkje sendast vidare som kompleks, men må til eit godkjent behandlingsanlegg for EE-avfall. Alle kretskort og kondensatorar (med høgde over 25mm, diameter over 25mm eller tilsvarande volum) må fjernast som eit første trinn i behandlingsprosessen.

Avfallsbestemmelsane opnar også for mottak av aske/slagg, sjølv om løyvet ikkje omfattar slikt avfall.

Krav til mottakskontroll
Mottakskontrollen sikrar ikkje at alt usanert EE-avfall som kjem inn på anlegget saman med kompleksjern vert sortert ut og levert vidare til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall.

Nokre fraksjonar av EE-avfall blir ikkje plukka ut av kompleksjernet fordi verksemda ikkje reknar det som EE-avfall. Dette gjaldt først og fremst for EE-avfall som innehaldt mykje metall og lite elektronikk, som mellom anna rullestolar og sparkesyklar. Slikt EE-avfall vert levert vidare som kompleksjern utan at det er fullstendig miljøsanert.

Som følgje av at verksemda ikkje rekna slikt avfall som EE-avfall, vert det heller ikkje registrert med vekt inn og ut frå anlegget eller følgt opp som avvik.

På tilsynet vart det observert eit oljefilter i kompleksjernet. Dette vart sortert ut under tilsynet. Oljefilter er farleg avfall, og dersom det vert levert som kompleksjern skal det sorterast ut og følgjast opp som avvik.

Behandling av EE-avfall
Verksemda gjennomførte delvis miljøsanering av nokre typar EE-avfall, sjølv om løyvet berre omfattar mottak og lagring av slikt avfall.

Mellom anna vart batteri fjerna på rullestolar og sparkesyklar. Verksemda tappa også væske frå ein bensinpumpe. Verksemder som driv med miljøsanering må ha særskilt løyve til slik aktivitet.

I mottaksbestemmelsane punkt 3.0 om kablar, liner, trafoar og EE-avfall omtaler verksemda demontering av måleutstyr med kvikksølv o.l., sjølv om løyvet ikkje omfattar slik behandling av EE-avfall. Det er uklart om dette vart gjort på anlegget i Arna.

Lagring av EE-avfall
Under tilsynet vart det observert fleire typar EE-avfall som vare lagra ute utan vern mot vêr og vind (**Figur 1**).



Figur 1: EE-avfall som var lagra utan klimavern.

Avvik 2: Verksemda følgjer ikkje krav i løyve til avfallsmengder, typar og aktivitetar

Avvik frå:
Løyve: Pkt. 1 Rammevilkår

Kommentarar til regelverket:
I pkt. 1 i løyvet er det mellom anna sett krav til at maksimal mengde avfall lagra på verksemda sitt område ikkje skal overstige 980 tonn.

Vidare står det at løyvet gjeld mottak av jern, metall, kabel, EE-avfall, kasserte køyretøy og kasserte blybatteri. Løyvet omfattar behandling av jern, metall og kabel i form av klipping, pressing og demontering.

Avviker er basert på følgjande observasjonar
Overskriding av maksimal avfallsmengde på anlegget
Årsrapporten frå 2019 viser at verksemda hadde for mykje avfall lagra samtidig på anlegget pr. 31.12.2019. Det vart rapportert at det var 1411 tonn på lager, utan at bilvrak var

inkluderte. Det reelle talet var dermed noko høgare. Dette er ein overskriding på over 50 %. I 2020 var maksimal mengd avfall på anlegget utvida med 30 % på grunn av coronasituasjonen, og rapportert mengd for 2020 var innanfor denne grensa.

Mottak av avfall som ikkje er omfatta av løyvet
Verksemda hadde tatt imot og lagra fleire typar avfall/massar i big bags og på fat utan at dei kunne dokumentere kva avfallet inneheldt og om det var innanfor rammene i løyvet, sjå Figur 2. Verksemda har løyve til å ta imot jern, metall og kabel, men det omfattar ikkje massar med restar av metall.

Det vart opplyst at avfallet var tatt imot frå Gunnebo Anja Industrier AS på Osterøy. Denne verksemda driv med kjemisk overflatebehandling av metall. Slike verksemder produserer både ordinært og farleg avfall, sjå https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1349/m1349.pdf . I faktaarket frå Miljødirektoratet er botnslam, filterkaker og slam frå reinseanlegg nemnt som døme på farleg avfall frå slike verksemder. Verksemda hadde ikkje dokumentasjon på at avfallet dei hadde tatt imot ikkje var farleg avfall på grunn av innhald av farlege stoff.

Behandling som ikkje er omfatta av løyvet
Det vart vidare opplyst at avfallet inneheldt metall som skulle sorterast ut før resten skulle leverast til deponi. Løyvet omfattar klipping, pressing og demontering av jern, metall og kabel, men ikkje behandling av massar med restar av metall.

Figur 2: Avfall som verksemda opplyste var tatt imot frå Gunnebo

Basiskarakterisering av avfall til deponi
Avfallsprodusenten skal sørge for at det er gjennomført ein basiskarakterisering av avfallet før deponering jf. avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II, men verksemda kunne ikkje gjere greie for korleis dette skulle gjerast for avfallet frå Gunnebo som skulle deponerast.

Avvik 3: Verksemda manglar tiltak for å redusere forureining til vatn

Avvik frå:
Løyve:
- Pkt. 4.2: Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.
- Pkt. 2.2: Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
- Pkt. 3.5: Krav til skjerming for nokre avfallstypar

Kommentarar til regelverket:
Utsleppsgrenser
I løyvet er det sett utsleppsgrense for avløpsvatn forureina med olje på 5 mg/l.

Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg
Vidare er det eit vilkår at all forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere forureining, under dette støy og lagring av avfall, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnadar. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

Krav til skjerming for nokre avfallstypar
I løyve punkt 3.5 er det sett følgjande krav: «Handtering, inkludert lagring, av avfall som kan føre til forureina avrenning skal som eit minimum gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind. Verksemda kan velje anna vern eller utføre tiltak for å hindre fare for nemnde forureiningar dersom miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

Avviket er basert på følgjande observasjonar
Overskriding av grenseverdiar
Vassprøvar frå oljeutskillaren tatt i august hadde oljekonsentrasjonar på 11 mg/l og 16 mg/l, som er ein overskriding av utsleppsgrensa i løyvet.

Manglande tiltak for å redusere forureining
Pressaft frå bilpressa som ikkje vert fanga opp av absorbenten kan vere ein av kjeldene til høgt innhald av olje, sjå avvik 4. Pressafta kan også innehalde andre kjemikal enn olje. Manglande oppsamling av pressaft kan dermed føre til fare for utslepp av kjemikal som ikkje vert fanga opp i oljeutskillaren.

Under tilsynet var det synleg avrenning frå metallspon som var lagra på to plassar utandørs på tett dekke med tilkopling til oljeutskillar (**Figur 3**). Det var ikkje tatt prøvar av væska. Avrenninga hadde ein melkeaktig farge. Verksemda meinte det kunne vere restar av kjølevæske, og at det kunne vere ein oljeemulsjon.

Ein oljeutskillar er ikkje konstruert for å reinse oljeemulsjonar. Oljeemulsjonar fører til at olja ikkje stig opp til overflata. Funksjonen til oljeutskillaren vil dermed verte redusert. Verksemda må derfor ikkje føre avrenning med oljeemulsjonar til oljeutskillaren.

Lagringa av metallspon med synleg avrenning er ikkje i tråd med kravet i løyvet om at avfall som kan føre til forureina avrenning som eit minimum skal gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind. Verksemda hadde heller ikkje gjennomført risikovurdering eller utføre andre tiltak for å hindre fare for forureining frå lagringa.

Ein liknande aktivitet var risikovurdert, men då for lagring av jernspon. Denne stod framleis som raudt og då med uakseptabel risiko i vurderinga, med mindre det vart lagra under tak eller innhaldet i væska vart kjent.

Figur 3: Avrenning frå metallsponet som gikk vidare til oljeutskillar.

Avvik 4: Handtering og lagring av farleg avfall er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:
Avfallsforskrifta

- § 11-2 Verkeområde og definisjon av farleg avfall
- § 11-5 Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall

Kommentarar til regelverket:

Krav i avfallsforskrifta til å vite om avfall er farleg avfall
I avfallsforkrifta § 11-2 er det sett følgjande krav «avfallsbesitter har ansvaret for å vurdere om avfallet omfattes av bestemmelsene i dette kapitlet.»

Krav i avfallsforskrifta til forsvarleg handtering av farleg avfall
Farleg avfall frå drifta av anlegget skal handterast i tråd med avfallsforskrifta § 11-5, der det mellom anna står følgjande: «Farlig avfall skal tas hånd om på en forsvarlig måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller håndterer farlig avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forurensning eller skade på mennesker eller dyr.»

Avviket er basert på følgjande observasjonar

Vurderte ikkje om oppsop var farleg avfall
Oppsop frå anlegget vart samla opp og levert saman med kompleks utan at det var tatt prøver av innhaldet. Desse massane kan vera farleg avfall som må deklarerast og leverast til godkjent mottak.

Ikkje forsvarleg oppsamling av farleg avfall
Verksemda har ei bilpresse utan tilfredstillande moglegheit til å samle opp pressaft. Det vart i staden brukt absorbent til å ta opp sølet. Bruk av absorbent på bakken rundt pressa i staden for oppsamling fører til fare for at ikkje all pressafta, som er farleg avfall, vert samla opp.

Verksemda fekk tilsvarande avvik om oppsamling av pressaft i 2015. Det vart opplyst at verksemda etter tilsynet i 2015 hadde kjøpt inn ny bilpresse med oppsamling, men at denne hadde havarert, og at dei etter dette igjen tok i bruk den gamle pressa utan oppsamling.

7. Andre forhold
I løyvet og oversendingsbrevet datert 5. september 2019 fekk verksemda eit krav om å sende ein utgreiing av utslepp til vatn til Fylkesmannen (no Statsforvaltaren). Dette blir følgt opp som eiga sak utanom tilsynet.

8. Dokumentunderlag
Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren